

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Torunn Løne Vinje
Arkivsaksnr.: 17/3690

Arkiv: 141

Kommuneplanen sin arealdel 2019 - 2030 - 2.gong offentleg ettersyn

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med reglane i Plbl §11-14, jf §11-1 og 5, vert framlegg til revidert arealdel for Luster kommune 2019 – 2030, med kommuneplannemnda sine endringar, lagt ut til offentleg ettersyn og oversendt aktuelle fagorgan for vurdering.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Plandokument med: planomtale, føresegner, retningslinjer
Konsekvensutgreiing med ROS-analyse for 21 delområde
Oppsummering – merknader og innspel knytt til 1. gong offentleg ettersyn

Uprenta vedlegg: Plankart – sjå www.kommunekart.com
Innkomne innspel

Samandrag:

Med bakgrunn i 1. gongs offentleg ettersyn har rådmannen utarbeidd revidert framlegg til «Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2019 - 2030». Vedteken plan er juridisk bindande og fastset framtidig arealbruk i kommunen. Juridisk bindande dokument er:

- Plankart
- Omsynssonekart – jfr Plbl §11-8 a (sikring-, støy- og faresoner)
- Føresegner

Rådmannen har gjeve tilråding til 21 delområde som er konsekvensutgreidd.

Rådmannen rår til at framlegget vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og oversendt aktuelle faglege organ til uttale.

Utval som har vedtaksmynne:

Formannskap /kommuneplannemnd jfr PLBL §4-1 og §11-13.

Fakta:

Luster kommune reviderte kommuneplanen sist i 2015. Både revisjonen i 2015 og noverande revisjon omfattar arealet i heile kommunen.

Innspel til planarbeidet har skjedd i to rundar:

- Arbeidet med planprogram hausten 2017
- 1. gongs offentleg ettersyn.

Konsekvensutgreiinga med Risiko og sårbarheitsanalyse omfattar i alt 21 område som er vurdert. Grunnlag for rådmannen sine vurderinger og tilrådingar av kvart enkeltområde er m.a.:

- kommunestyret sine føringer for planarbeidet gitt i Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) – kap. 10
- kommuneplannemnda/formannskapet sine innspel og drøftingar. Etter 1.gongs ettersyn med varsel om motsegner er plan/tiltak drøfta med kommuneplannemnda i to omgangar der nemnda har gitt politiske føringer for arbeid og prioriteringar.
- overordna nasjonale og regionale føringer
- rådmannen sine faglege vurderinger

Oppsummering av merknader og innspel knytt til 1.gong offentleg ettersyn følgjer saka som eige vedlegg.

Rettsverknad:

Kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak nemnt i Plbl §§11-7, nr 1-6 og tilhøyrande føresegner. Kommuneplanen sin juridisk bindande del er samansett av:

- Plankart
- Omsynssonekart – jfr Plbl §11-8 a (sikring-, støysoner)
- Føresegner som også omfattar faresoner

Det er også utarbeidd retningslinjer. Desse er ikkje bindande, men førande for administrasjon og folkevalde. Arealdelen har også eit kapittel på «Oppfylgjande planoppgåver». Dette er oppgåver som ikkje er juridisk bindande, men førande for administrasjon og folkevalde.

Målsetjinga er at arealdelen kan slutthandsamast i kommunestyret i juni 2019. Det vil vere ein føresetnad for dette er at nye (større) tiltak ikkje vert teke inn og at det ikkje kjem motsegner frå overordna regionale fagmyndigheter.

Føresetnad for å halda framdriftsplanen er at det ikkje vert gjort store endringar ved slutthandsaminga. Framdriftsplanen er denne:

27. mars	<i>formannskapet – vedtak om utlegging</i>
29 mars	<i>Kungjering off ettersyn</i>
10. mai	<i>frist for merknader</i>
30. mai	<i>utsending formannskapet</i>
6. juni	<i>formannskapet handsaming</i>
13. juni	<i>Kommunestyret - vedtak</i>

I tilfelle regionale fagmyndigheter vurderer å varsle motsegn til delar av planen skal fylkesmannen gjennomføra dialogmøte mellom partane før uttale vert gjeve.

Vurdering:

Arealdelen legg viktige føringar for arealutviklinga i Luster kommune dei neste åra. Framleggget tek utgangspunkt i innspeil som kommunen har motteke frå privatpersonar, verksemder, lag og organisasjonar, i tillegg til kommunen sine eigne innspeil. I handsaminga er det gjort ei utsiling av tiltak som ikkje aktuelle. Alle innspeil i denne runden er vurdert (sjå vedlegg). Rådmannen har i sitt framlegg utgreidd og vurdert 21 område.

Rådmannen ser at mange tiltak som vart lagt inn i KPA i 2008 og 2015 enno ikkje er starta opp. Prinsipielt bør det ikkje liggja inne for mange område av denne kategorien. Planen bør byggja på reell interesse, realisme og behov. Ved neste revisjon må «gamle» område som har lege «ubehandla» i 10 -12 år vurderast på ny, om dei er uaktuelle bør dei trekkast ut.

I denne planen er fleire av sakene «gjengangarar». Rådmannen legg til grunn at vedtak som er gjort i tidlegare planhandsaming, framleis gjeld.

Dersom det etter utlegging og høyringsrunden vert gjort vesentlege endringar i planframleggget, som ikkje har vore på høyring, må det planen leggjast ut på nytt før kommunestyret kan gjea endeleg vedtak.

Dato: 20.03.19

Jarle Skartun
rådmann

Arne Ingjald Lerum
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: